


Løe har blitt galleri, men å koma inn i det splitter nye Galleri G. Guddal kjennest meir som å gå inn i ein katedral.

Hjørnene i enden av galleriet har fått smale vindaugo i vinkel for å gje dei kunstinteresserte ljøs og nokre utsyn over den vakre naturen i Guddal.



Gøril er på plass bak disken midt i galleriet. Bak til høgre ser ein inngangen til grafikkrommet der dei faste kunstnarane stiller ut. – Her får eg plass til å hengja opp innramma bilete, så folk kan ta dei med seg heim med ein gong, lovar galleristen.



Snikkar Kjell Høyland tek seg ein liten pause i sola saman med far til Gøril, Johannes Guddal. No er det berre detaljar att før alt er ferdig. Løe har fått tretak, og plattingen bortanfor låvebrua kan bli eit fint dansegol.

ikkje av før alt er kome i boks.

– *Må ein ikkje vera litt galen for å setja i gang eit slikt prosjekt?*

– Jo, ein må vera litt galen. Men eg kjenner meg trygg fordi dette er kopla til Guddalstunet, og eg hadde ikkje gjort det utan tjue års erfaring som gallerist. Og så er eg oppvaksen med folk som tek store løft. Eg har hatt veldig gode støttespelarar kring meg i dette prosjektet. Det må vera kontrollert galskap. Ein må ha kontroll. Og det har eg, smiler galleristen.

– No er eg der og føler eg skulle i livet. Dette er byrjinga på noko nytt, noko eg enno ikkje har oversikt over moglegheitane med. Her kan det blir enno nye ting, seier Gøril Guddal.

Mari Mehl
mari@grenda.no

FRÅ LØE TIL GALLERI

Utanfrå ser den nyrenoverta bygningen i Guddal ut som ei staseleg løe. Berre små detaljar, som takvindaugo og smale hjørnevindaugo i austenden, avslører at det er eit flunkande nytt galleri innanfor.

Frå tunet går ein inn glasdørene midt i løa. Ein blir slegen av dei kvite, glatte flatene som går heilt opp til spissen under mønet. Golvet er blankpolert, slipt betong. Nordvende takvindaugo og påkosta ljøssetjing skal gje perfekt ljøs i galleriet. Nokre eldgamle bjelkar vitnar om historia til bygningen, og vert ein flott kontrast til alt det kvite.

– Desse gamle grindane vitnar om

gjenbruk anno 1890. Ein ser på stokkane at dei er fint utskorne. Dei er truleg brukt til hus før dei vart brukt i løa, fortel Gøril Guddal.

Når ein kjem inn i det nye Galleri G. Guddal får ein aller mest kjensla av å koma inn i ein katedral.

– Dette vart finare enn eg torde sjå føre meg. Det har blitt eit rom det er godt å vera i, seier Gøril Guddal som er så oppteken med dei siste praktiske detaljane at ho må konsentrera seg litt for å nytta det mest ferdige resultatet.

Frå hovudinngangen kjem ein rett inn i den eldste delen av løa, frå 1890. Her er disken plassert. I den nyaste delen, mot aust, ligg det store gallerirommet. Der er det gamle pianoet frå storstova på garden på plass. Frå dette

store rommet fører ei moderne trapp ned i den gamle siloen, som no har blitt eit eige gallerirom. Førabels er alt kvitt. Men når galleriet opnar i slutten av månaden kjem kunsten til Håkon Gullvåg til å pryda veggene både nede og oppe.

– I siloen blir det grafikk, og her oppe skal det stillast ut større verk og måleri, fortel galleristen som er stornøgd med at den kjende kunstnaren sa ja til å verta første utstillar i det nye galleriet.

Bak disken på midten vert det eit eige grafikkrom der dei faste kunstnarane får meir plass på veggene enn før.

– No kan eg ramma inn fleire bilete, slik at kjøparane kan få dei med seg

med ein gong. Dette er eit rom eg har sakna, seier Guddal.

I vestenden av galleriet er butikkdelen til galleriet. Her har snikkaren laga spesialtilpassa hyller til kunsthandverka. Midt på golvet står det gamle bryllaupsbordet frå tidleg 1800-tal, frå tida Guddal var eit klyngetun med 54 hus og 8 bruk. Gøril Guddal er i ferd med å flytta varene over frå det gamle Guddalshuset kor butikken har vore i vinter. Bak butikkdelen har ho fått eit kontor med vindaugo ned mot veggen. Eit slikt byggjeprojekt krev god oversikt og ein driv til å sjå framover.

– Kvar natt går eg gjennom det meste. Eg har mange lister, og det er mange detaljar å hugsa på. Eg er jo eigentleg ein perfeksjonist, og slappar



– Er de lettskremte? Det er eg, sa Tor Arve Røssland til den nye spenningsromanen Soledad. Elevane ville h

Grufulle g

Forfatter Tor Arve Røssland skriv helst humor, spenningsbøker eller grossarar, og seier sjølv at han likar å bli litt skremt.

– Eg elsker blod, gørr, monster og zombiar. Det trur eg born også gjer. Så får vi sjå kor mange barnesinn eg har forkvakla, smiler forfatteren som ikkje ser skummelt ut i det heile.

Ein viktig del av forfatarlivet er nemleg å reisa rundt på skular i regi av den kulturelle skulesekken for å lesa frå bøkene. Med ljuset av. Og ved hjelp av litt skummel musikk og nokre filmsnuttar som vonleg skal skremma borna akkurat passeleg mykje.

– Det pleier å gå bra. Men eg innleier alltid med å seia at dei kan gå vekk viss det blir for skummelt. Eg byrjar med å fortelja litt om korleis bøkene vart til, før eg gradvis går over i å skremma dei litt ved hjelp av bilete og høgtlesing. Når dei er førebudde, blir dei ikkje så redde, meiner forfatteren.

Overnaturlig

Røssland er oppvaksen på Husnes, men bur på Halhjem på Os. Han er utdanna filmvitar i tillegg til å ha studert litteraturvitenskap og mediepædagogikk. Forfatteren er mest kjend for dei humoristiske bøkene om Pode og grossarserien om Svarte-Mathilda.

Forfattarskapen er sterkt inspirert av film. I 2012 fekk han Ordknappen for boka Gamer. Han har nett gjeve ut si tolvte bok for born og ungdom, spenningsboka Soledad. Røssland moraliserer ikkje med bøkene, og tøyser den realistiske strikken ganske langt.

– Skumle, fascinerande og fordervende skriv, er det ein avstarke jo ofte meir kene, meir

Han ved at ein blir Eventyra same. Ba fatteren seie mod til å s

– Det er lesa barnet nest Røssland

Humor kan lesast medan Svarte-Mathilda

– Du bli dine?

– Nei, i dei driv og å skriva vi

Dei siste i heile lar kene sine kom han

Hatlestran opplegget veke skal i

Skumme

Grenda f på Malm samla i an mørkt. De litt skumme bilete brå

– Er de de skumme gøy å skre sa forfatter

Før han gå ut viss skummelt

– Då eg